




PLANINITIATIV

BESTILLING AV OPPSTARTSMØTE DETALJREGULERING FOR HAGANE

For at kommunen skal ha eit best mogleg grunnlag for vurdering av planinitiativ og gjennomføring av oppstartsmøte ber vi om at dette dokumentet fyllast ut så langt som råd, jf. *forskrift om behandling av private forslag til detaljregulering etter plan- og bygningsloven*. (rev. 29.01.19).

Dato:

1. Ansvarlege	
Fagkyndig plankonsulent	
Firma	COWI AS
Org. nr.	979 364 857
Adresse	Inger Bang Lunds vei 4
Postnummer	5059
Poststad	Bergen
Telefonnummer	+47 21497688
E-post	firmapost@cowi.no
Kontaktperson for prosjektet hos fagkyndig	Anja Urdal Vinje auv@cowi.com
Fagkyndig plankonsulent har møteplikt på oppstartsmøtet	
Forslagsstillar (fyll ut informasjon om dei resterande deltakarane på pkt. 19)	
Firma/privatperson	Statens vegvesen
Org. nr.	971 032 081
Adresse	Pb. 1010 Nordre Ål
Postnummer	2605
Poststad	Lillehammer
Telefonnummer	22 07 30 00
E-post	firmapost@vegvesen.no
Kontaktperson for prosjektet hos forslagsstillar	Stig Magnus Berg-Thomassen stig.berg-thomassen@vegvesen.no

2. Eigedom opplysningar	
Gards- og bruksnummer(e)	19/3 + ukjent
Adresse/stadnamn	Hagane
Eigars namn	Ikkje oppgjeve her grunna GDPR
3. Formålet med planen, jf. § 1, andre ledd, bokstav a)	
<p>Føremålet med planen er å nytt området til plassering av Stein frå oppgradering av Lærdalstunnelen. Fleire område har vore og er under vurdering. Hagane er eit område som er vurdert til å vera aktuelt då areala allereie er regulert til industri. Området har delvis vore nytta til masselagring/utfylling frå kraftutbygging.</p> <p>Planarbeidet vil ta for seg om steinmassane leggjast ut som en flate for industrietablering, plasserast i haugar som mellomlager for bruk i andre prosjekt, eller ei blanding. Val av utforming vil vera etter ei vurdering av ønskje frå kommunen og behov for naudsnyt volum med omsyn til anleggsdrifta. I tillegg vert det vurdert å leggja steinmassar som del av etablering av skredvoll mot sør, men aust for areal vist som V2 i gjeldande detaljreguleringsplan.</p>	
4. Kommuneplanen og gjeldande retningslinjer, jf. § 1, andre ledd, bokstav g)	
Kva overordna planar gjeld for planområdet, kva føringar gir dei, og i kva grad vil den nye planen følge opp desse føringane?	<p>Planområdet er vist i kommuneplan som : <i>"Område som er unnteken frå rettsverknad fordi tidlegare vedteken plan framleis skal gjelda".</i></p> <p>Sør for gjelande detaljreguleringsplan er område vist som LNF i kommuneplan. I aust og i vest er det i vist areal til "anna byggjeområde". Område i aust er nytta til skytebane.</p> 
5. Gjeldande og igangsetting reguleringsplan(er), jf. § 1, andre ledd, bokstav g)	
Kva reguleringsplanar gjeld for planområdet, kva føringar gir dei, og i kva grad vil den nye planen følge opp desse føringane?	<p>Areala er del av gjeldande detaljreguleringsplan:</p> <p>Plannavn: Næringsområde Vassbygdi sør Planid 1421-1999002</p>



Areala som vurderast inkludert i planforslaget er hovudsakeleg vist som industri. For bruk av areala er det blant anna følgjande føresegn:

"Områda skal nyttast til næringsverksemد – industri, handverk mv. Anlegg for oppsamling/sortering av avfall kan og plasserast i områda, men ikke deponeringsplassar for avfall. Støyande eller ureinande verksemder kan avisast. Områda skal nyttast til landbruksføremål fram til utbygging skjer."

Kommunen er førespurd om ønska føremål etter at tilkjøring av massar til område er avslutta. Områda er ønska planlagt opprettholdt som industri. Aktuelle føresegn i gjeldande plan vil vidareførast i planforslaget.

Det er i planområde vist areal til parkbelte i industristrøk. Områda er i gjeldande plan tiltenkt vegetasjonsskjerm og grøn innramming av industriareala. I planforslaget vil desse område bli inkludert for å kunne gjera ei heilskapleg landskapsmessig tilnærming. Det vil bli vurdert å gjera intensjonen om grøn innramming til ei føresegn.

Det er vist to naturvernområde i gjeldande plan. Dette er V1 – verneområde langs Vassbygdelvi, og V2 - verneområde Tivesja. Inga av disse områda er planlagd endra i planforslaget.

6. Planområdet og verknadar planarbeidet vil føra med seg utanfor planområdet, jf. § 1, andre ledd, bokstav b)

Planområdet er i stor grad regulert til utbyggingsføremål og såleis også terregengendring. Planavgrensinga er føreslege i tråd med desse utbyggingsområda inkl. dei grøne korridorane mellom. Planavgrensing i oppstartsmelding vil også inkludere deler av område V2 (Tivesja) for å kunne vurdere eventuelle behov for sikring i anleggsperioden og avbøtande tiltak. I tillegg vil planområdet inkludere eit område i søraust for mogleg etablering av skredvoll.

Steinvolumet som det vert planlagt for å plassere på Hagane vert sett i samanheng med andre aktuelle stader å nytte tunnelstein frå tunneloppgraderinga, mellom anna i Lærdal kommune.

Transport av massar til planområdet med omsyn til trafikktryggleik og tiltak for å unngå forureining ved gjennomføring av tiltaket vil utgreiast i ROS-analyse, og SHA-plan.

7. Planlagt utbygging, anlegg og andre tiltak, jf. § 1, andre ledd, bokstav c)

Stikkord: Foreslått arealformål, tal på bueiningar/arbeidsplassar, riving av eksisterande busetnad osv. Industri. Gjeldande detaljreguleringsplan vert lagt til grunn. Mindre endring av formåls grenser og oppdatering av føresegner og ROS.

8. Utbyggingsvolum og byggehøgde, jf. § 1, andre ledd, bokstav d)

Stikkord: Høgde, grad av utnytting (BRA og BYA)
Ikke aktuelt. Det er ikkje tiltenkt bygningar innanfor planområde.

Deponiet blir forma for å romme 150-200.000 m³, men tilpassing til området vil være viktig og førande for maksimalt fyllingsvolum. Planprosessen vil finne endeleg volum og utforming.

9. Funksjonelle- og miljømessige kvalitetar, jf. § 1, andre ledd, bokstav e)

Stikkord: Uteoppfaldsareal (for bustadar, skule, barnehage og sjukeheim), tilkomst, endring i trafikkbilete, parkering, avstand til nærmeste busshaldeplass, blågrøn struktur osv.
Inga vesentleg endring. Eigentleg ikkje relevant. Eksisterande tilkomst til hovudvegnettet vert nytta. Transport av massar til planområdet med omsyn til trafikktryggleik vil utgreiaast i ROS-analyse, og SHA-plan.

10. Tiltaka sine verknadar på, og tilpassing til landskap og omgjevnader, jf. § 1, andre ledd, bokstav f)

Skildre landskapet, topografi, støkets karakter, el
Planen tek sikte på å heve terrenget og med det heve dagens veg med ei vegskråning ned mot dagens veggant. Det skal ikkje fyllast nærrare elva enn det vegen ligg i dag.

11. Vesentlege interesser som vert påverka av planinitiativet, jf. § 1, andre ledd, bokstav h)

Inga

12. Korleis skal samfunnstryggleiken ivaretakast, blant anna gjennom å førebygga risiko og sårbarheit? Jf. § 1, andre ledd, bokstav i)

Det vil bli gjennomført ROS-analyse kor aktuelle tema vil bli følgt opp. Avbøtande tiltak vert regulert og omtalt i føresegne.

13. Kva for offentlege organ og andre interesserte som skal varslast om oppstart av planarbeidet, jf. § 1, andre ledd, bokstav j)

- Landbruksmynde i kommunen
 - Statens vegvesen
 - NVE
 - Vestland fylkeskommune (fleire einingar)
 - Statsforvaltaren i Vestland
 - Elveeigarlag
- + div råd (kommunen ettersender)

14. Prosessar for samarbeid og medverknad frå aktuelle fagmynder, grunneigarar, festalar, naboar og andre som kan bli påverka av planen, jf. § 1, andre ledd, bokstav k), og § 2, andre ledd bokstav a)

- Melding om oppstart
- Kontakt med enkeltaktørar
- Fagmøte med offentlege organ om naudsynt
- Kommunen engasjerast som planmynde

15. Vurdering av om planen er omfatta av forskrift om konsekvensutgreiing, og korleis krava i tilfelle vil kunne ivaretakast, jf. § 1, andre ledd, bokstav I)

15 a) Planer og tiltak som alltid skal konsekvensutgreiast og ha planprogram eller melding, jf. KU-forskrifta § 6

Fell inn under kriteria i § 6, første ledd, bokstav a)? Grunngjeving: Grunngjeving: Planen er ein detaljreguleringsplan, ikkje ein overordna plan.	Ja: <input type="checkbox"/>	Nei: X
---	------------------------------	--------

Fell inn under kriteria i § 6, første ledd, bokstav b)? Grunngjeving: Planen fell ikkje inn under nokre av kriteria i vedlegg I	Ja: <input type="checkbox"/>	Nei: X
--	------------------------------	--------

15 b) Planer og tiltak som skal konsekvensutgreiast dersom dei kan få vesentlege verknadar på miljø eller samfunn, jf. KU-forskrifta § 8

Fell inn under kriteria i § 8, første ledd, bokstav a)? Grunngjeving: Deponiet er over 50.000 m ³ , men har ikkje vesentleg verknad på miljø eller samfunn. Sjå vedlagt følgjeskriv	Ja: X	Nei: <input type="checkbox"/>
--	-------	-------------------------------

15 c) Opplysningar som skal leggast fram av forslagsstillar som grunnlag for ansvarleg myndigkeit si vurdering etter § 11 eller § 12, jf. KU-forskrifta § 9

Det er gjort ei vurdering mot bokstav A-D i KU-forskrifta §9.

Bokstav a. planen eller tiltaket, tiltakets fysiske egenskaper og lokalisering og eventuelle rivningsarbeider

- Planlagt tiltak er eit massedeponi for sprengt stein som heilt eller delvis vil vera ei igangsetjing av opparbeidning av området til industri. Området er i gjeldande plan i hovudsak regulert til industri.
- Areala har heilt eller delvis vore nytta til deponi tidlegare.
- Få bustader i nærleiken. Tilliggjande område er blant anna i bruk til eller planlagd bruk til skytebane og motorsport.

Bokstav b. miljøverdier som antas å bli vesentlig berørt og som krever særskilte hensyn

- Tiltak er i nærleiken til elv og bekkefar som leder til elv. Vurdering av avbøtande tiltak for å sikre at tiltaket ikkje får konsekvensar for vassdrag vil vera ei viktig del av planarbeidet. Det er ikkje planlagd at tiltaket vil kome næra vassdrag enn gjeldande plan opnar for.
- Det er registrert naturbeitemark i område. Dette vil bli endra, men so er det og med gjeldande detaljreguleringsplan. Planforslaget endrar ikkje denne konsekvensen.
- Det er ikkje vurdert at miljøverdiar blir vesentleg endra.

Bokstav c. planens eller tiltakets forventede vesentlige virkninger som følge av reststoffer, utslip og produksjon av avfall

- Det er ikkje forventa vesentleg verknad for miljø eller samfunn som følge av deponering av steinmassar.
- Det er ikkje venta utslepp av reststoff, men tiltak for å hindre transport av finstoff til vassdrag vil bli del av planarbeidet.

- Det produserast ikkje avfall som følgje av deponeringa.
- Transport av massar til planområdet med omsyn til utslepp vil utgreiast i ROS-analyse og SHA-plan.

Bokstav d. forventede vesentlige virkninger som kan følge av bruken av naturressurser.

- Tiltaket medfører ikkje bruk av eksisterande naturressursar i planområdet.

15 d) Forslagsstillars foreløpige vurdering av om planen eller tiltaket kan få vesentlege verknader for miljø eller samfunn etter KU-forskrifta § 10

Planen har ikkje vesentleg verknad på nokre av kriteria i §10

Det er utført ein foreløpig vurdering av planområdet i forhold til aktuelle tema som t.d. naturmangfald, kulturminne, forureining, landbruk, friluftsliv og skred/flom.

Sør for planområdet kjem det bekkar som renn vidare til Aurlandselvi. Område vist som V2 i gjeldande plan er oppgitt til å vera eit våtmarksområde som aldri frys heilt igjen, og er eit viktig oppvekstområde for fisk. Område V2 er ikkje planlagt endra i planarbeidet, men for å sikre eventuelle naudsynte anleggsmessige tiltak for å ivareta området V2 kan gjennomførast, vil deler av området vera inkludert i planavgrensinga i oppstartsvarselet.

Vegen forbi området er ein av vegane som nyttast som tilkomst til Aurlandsdalen og Stondalen. Denne moglegheita vert ikkje endra utover i anleggsperioden. Det er elles ikkje registrert at området nyttast til friluftsliv.

Området er regulert til industri men er ikkje utbygd. Areala nyttast til beite. Det er ikkje fulldyrka jord med stor verdi.

Tiltaket medfører ikkje vesentleg forureining eller klimagassutslepp. Transport av massar til planområdet med omsyn til trafikktryggleik og tiltak for å unngå forureining ved gjennomføring av tiltaket vil utgreiast i ROS-analyse, og SHA-plan.

Område er under marin grense. Det er planlagt utført geotekniske undersøkingar for å sikre tilstrekkeleg informasjon om grunnforholda.

Område ligg nært opp til Aurlandselvi og deler av område er vist som aktsemdområde for flaum (NVE). Planeringsnivå og påverknad av flaum utgreiast som ein del av planarbeidet og ROS. Det er ikkje planlagt tiltak nord for gjelande regulert veg, og kantsona til Aurlandselvi vert ikkje endra.

Det er ei eksisterande høgspentline i området. Denne er vist med faresone i gjeldande plan. Høgspentlinna vil bli ivaretaken.

Sjå og merknader under tema i punkt 16

15 e) Skildring av opplegget for arbeidet fram til ei konsekvensutgreiing ligg føre, jf. § 2, andre ledd, bokstav b)

Ikkje relevant.

16. Andre forhold	
Tema	Kommentarar
Er området utsett for flaum, ras eller usikre grunnforhold? Ja: X Nei: <input type="checkbox"/>	<p>Området kan være rasutsett. Mesteparten av planområdet er potensielt utsett for steinsprang. Det er og potensiale for lausmasseskred, men det må utgriast meir. Innleieande vurderingar av geolog peiker på mogelege tryggingstiltak for å kunne deponere Stein og bruke areala i etterkant, med heving av planert terrenget som det enklaste og mest effektive.</p> <p>Planarbeidet vil ha fokus på tryggleik og vil omtale tiltak og metodar for utlegging av Stein på ein so trygg måte som mogeleg.</p> <p>Avhengig av kva konklusjon vidare vurdering av ras og skred kjem til, vil det og vere mogeleg å deponere Stein i form av naudsynt rassikring innanfor planområdet.</p>
Vil forslaget få følgjer for viktig natur? Ja: <input type="checkbox"/> Nei: X	<p>Naturforvaltar har vore på synfaring i området, i tillegg til oppslag i databasar.</p> <p>Innanfor området vist som I2 i gjeldande reguleringsplan er det registrert to raudlista artar som er sterkt truga: Hagtornsommerfugl og alvesmyger (EN).</p> <p>Inga viktige eller utvalde naturtypar etter naturmangfaldlova var registrert frå før, men under synfaring vart det registrert ein stor naturbeitemark. Naturbeitemark er vurdert som sårbar (VU) på raudlista for naturtypar. Det var ikkje sesong for undersøking av evt. beitemarksopp ved synfaringa, men det vert utført no.</p> <p>Elva er sterkt regulert og er registrert med dårleg økologisk tilstand. Det vil vera viktig å setje av areal for vasshandtering/reinsetiltak.</p> <p>Det er ikkje registrert framande artar innanfor planområdet.</p>
Er området utsett for støy eller annan forureining? Ja: <input type="checkbox"/> Nei: X	Planområde er ikkje utsett for trafikkstøy. Det er heller ikkje registrert anna forureining i område.
Er det forureina grunn i området? Ja: <input type="checkbox"/> Nei: X	Det er ikkje registrert forureina grunn innafor planområdet. Evt. avbøtande tiltak for å hindra forureining ved oppfylling vil vera ei del av planarbeidet/ROS.
Vil forslaget få følgjer for kjente kulturminne / kulturmiljø? Ja: <input type="checkbox"/> Nei: X	<p>Tiltaket rør ikkje ved relevante verdiar for fagtema kulturarv.</p> <p>Det er inga kjente registreringar av kulturminne innfør området.</p>
Er det behov for rekkefølge på føresegna for å løyse utfordringar utanfor planområdet? Ja: <input type="checkbox"/> Nei: X	Ikkje i samband med å nytta område som massedeponi. For etablering av industriverksemeld kan det vera aktuelt. Dette avklarast med kommunen i prosessen og inkluderast i føresegna.

Har forslagsstillaren behov for å inngå utbyggingsavtale? Ja: <input type="checkbox"/> Nei: X	Kommunen må sjølv vurdere korleis dei skal sikre framtidig bruk og råderett av området. Naudsynte reguleringsføremål og/eller føresegner for å sikre dette, vert innarbeidd i planen i samråd med kommunen.
Kva er hovudutfordringane i prosjektet?	Anleggsgjennomføring nattetid vil kunne påverke dei nærmeste bustadane. Så langt det er råd vil ein dempe dette med å ha ein voll rundt anleggsområdet. Køyring av stein frem til planområdet vil utgjera gjennom bl.a. ROS-analyse. Å finne ei god utforming av deponiet for omgjevnadane.
Kommenter kort forhold som kan vere viktige for å gjennomføre planen.	Smidig planhandsaming
Overordna framdriftsplan for planen inkludert behov for seinare dialogmøte mellom kommunen og forslagsstiller, jf. § 2, andre ledd, bokstav f) og g)	Arbeidet med oppgradering av Lærdalstunnelen kan ikkje starte før det føreligg godkjende mottaksområde for steinen. Med bakgrunn i dette er det viktig med ein rask planprosess. Foreløpig framdriftsplan antyd innsending av ferdig planforslag tidleg 2023 (jan/feb.).
Kva ønsker forslagsstiller at kommunen skal bidra med undervegs i planarbeidet? Jf. § 2, andre ledd, bokstav e)	Raske avklaringar
Ønsker forslagsstiller parallel prosess plan og byggesak, jf. plan- og bygningsloven § 12-15? Jf. § 2 andre ledd, bokstav d)	Nei
18. Spørsmål som forslagsstilleren ønsker avklart	
<p>Dialog om korleis området skal avsluttast. I formåtet vart det opplyst at hele eller deler av område er tidlegare nyttta til massedeponi i samband med kraftutbygging. Kva for område er dette? Er det naudsunt med endringar i føresegna med omsyn til etablering av industri i etterkant. I utgangspunktet leggjast gjeldande føresegn til grunn for endring av planen. Liste med grunneigarar og naboar.</p>	

19. Dei resterande deltarane på oppstartsmøtet	
Opplysningar om deltarar 3	
Firma	Statens vegvesen
Namn	Stein Idar Dyngen
E-post	stein.dyngen@vegvesen.no
Telefon	+47 951 91 768
Opplysningar om deltarar 4	
Firma	COWI AS
Namn	Jørgen Sandø
E-post	jesn@cowi.com
Telefon	+47 21497688
Opplysningar om deltarar 5	
Firma	
Namn	
E-post	
Telefon	
20. Vedlegg	
Forslag til planavgrensing (pdf og sosi-fil)	

AURLAND KOMMUNE

